

Nynorsk salmebok 100 år!

I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut. Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsken som samfunnsberande språk.

Nynorsk salmebok vart laga av biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad og dei brukte fire år på arbeidet. Boka hadde 711 salmar på nynorsk og salmar på bokmål.

Salmene til Elias Blix var allereie mykje brukt i kyrkjene. Målfolket hadde vona å få til ei felles salmebok, men når det ikkje vart tok Samlaget initiativ til å lage ei eiga nynorsk salmebok.

Boka vart ein skikkeleg suksess. Ho vart brukt i nynorskområde i bortimot 60 år, og på det meste i etterkrigstida, vart ho brukt av knapt ein tredjedel av kyrkjesogna i Noreg.



kyrkja.no/herøy



Leikanger kyrkje-MR





nm.no

Vil du bli med i mållaget?
Send nynorsk til 2490 (200 kr)

NYNORSK SALMEKVELD

Nynorsk salmebok 100 år!



Program og salmetekstar
Salmane finn du også i Norsk salmebok (2013).

Kyrkjeklokkene ringer.

HØYR KOR KYRKJEKLOKKA LOKKAR
Allsong nr. 554

*Høyr kor kyrkjeklokka lokkar
med ein høg og heilag klang
alle folk og alle flokkar
til ein hugsam kyrkjegang!
Sysken lat oss kallet fylgja
over berg og over bylgje
lat oss gå på kyrkjeveg
glade både du og eg!*

*Her har farne etter funne
hjartefred og sælebot.
Her har livsens kjelde runne
friskande om hjarterot.
Tårnet høgt mot himlen peikar,
der på himmelstigen leikar
gode englar til og frå
mellom jord og himmel blå.*

*«Om ei mor enn barnet gløymer,
deg eg aldri gløyma kan,
ved min barm eg trygt deg gøymer,
hjarteblodet for deg rann!
Ottast ikkje, ver du tolen,
sjølv eg sit med styrevolen,
liv og lagnad styrer eg,
tru på Gud og tru på meg!»*

*Høyr kor kyrkjeklokka lokkar
det er sundags høge ro
våre sorger bort seg tokkar
våre sjelesår skal gro
Ja eg gløymer all mi møte,
Jesus vil mitt hjarta grøde,
ved hans barm der er min stad,
sterk han gjer meg, sterk og glad.*

Tekst: Anders Hovden, 1911. Melodi: Norsk folketone frå Skjeberg.

Leikong blandakor: “Kyrie” av Bjørn Eidsvåg.

HIMMELSKE FADER
Allsong nr. 318

*Himmelske Fader, herleg utan like!
Til alle stader når ditt store rike.
Stjerner du styrer og alt liv som yrer,
alt ned til mauren i mold.*

*Ramnungar ropar, og du gjev dei mette.
Hungrande hopar til ditt bord vert sette:
Alt gjev du føda, signar landsens grøda,
sender oss solskin og regn.*

*Mannsbarnet ville du i nåde verna,
miskunn og milde tær du oss så gjerna,
fører som Fader fram i lange rader
borni du vann ved din Son.*

*Sonen du sende som vår Frelsar trugen.
Alle som vende heilt til honom hugen,
dei han òg frelsar og som sysken helsar,
leier dei fram til ditt fang.*

*Fader, du sële, høgt i himmelstova!
Med barnemæle me ditt namn vil lova.
Takk, at du ville med ein faders milde
taka oss til dine born!*

Tekst: Elias Blix, 1896. Melodi: Olav Sande, 1906/1926.

Per Halse: “Nynorsksalmar frå Elias Blix til Bjørn Eidsvåg”, del 1.

GUD SIGNE VÅRT FOLK
Allsong nr. 630

*Gud signe vårt folk der dei siglar og ror,
og blåmyri pløyer i sud og i nord.
Di hand må dei vara, som ute skal fara.
Dei strevar og balar på skip og i båt.
Gud vere i storm og i stilla attåt.*

*Sitt levebrød har dei på brusande hav,
med berre ei fjøl mellom seg og si grav.
I stormver og fåre, forkomme og klåre,
dei har ikkje mykje å tryggja seg til.
Gud Fader, du styrkja og trøysta dei vil!*

*Når bårene bryt over holmar og skjer
og stormen og straumen mot fallgarden ber,
du båten må venda og berging dei senda,
så leii dei finn mellom fluer og fall,
og inn gjennom skjergarden kjem dit dei skal!*

*Men lid det mot kvelden og natti kjem på
og brotsjøen veks og vil over dei slå,
Gud hjelp dei i nåde og frels dei frå våde,
ver lyset i mørkret og styr deira stamn,
og før deira båt til den fredfulle hamn!*

*Gud frelse vårt folk frå det stormande hav,
der mange av våre har funne si grav.
Til havs har dei fare, så fager ein skare,
dei kviler der ute, men vaknar ein gong
og stemmer frå havet til himlen med song.*

*Gud gjeve oss alle det landet å nå,
der me våre kjere skal atter få sjå.
Gud såg kvar dei kvilde, han samlar dei skilde
og aldri me meir skal til havs leggja ut,
for havet og døden for evig er slutt.*

Tekst: Bernt Støylen, 1921. Melodi: Norsk folketone frå Setesdal

Solist Maren Elise Haanes Waagan: Morgon lyser raud (nr. 803, omsett av Leirvik). **Høyr meg min Gud i desse vonde dagar** (nr. 481, oms. Øyan).

STILLE, STILLE. JESUS LIDER!
Allsong nr. 137

*Stille, stille! Jesus lider, Blodet brenn, og sjeli kvider,
Det er fastetid! Pinfullt er kvart steg han stiger,
Trøyt og sår han saman siger I den store strid.*

*Bleik og blodut, spotta, slegen gjeng han lydig pin-
slevegen for den vonde verd. Klungerkrynt han tolsam
gjenger, nagla til ein kross han henger, medan verdi ler.*

*Understore guddoms-kjerleik, lat meg kjenna i din
nærleik varmen av din eld! Lat meg deg i hjarta hysa,
så du kan på vegen lysa meg til siste kveld!*

Tekst: Johannes Barstad, 1893. Melodi: Marianne Olsson, 1923.

Tekstlesing v/ Nina Kvamme Slettestøl, Herøy Mållag.

Andakt v/prest Kjell-Roger Isene.

LEI, MILDE, LJOS
Allsong nr. 858

*Lei, milde ljøs, gjennom skoddeeim
lei du meg fram!
Eg går i mørke natt langt frå min heim,
lei du meg fram!
Før du min fot; eg treng ei sjå min veg
så langt og vidt - eitt steg er nok åt meg.*

*Du veit det vel, eg bad ei alltid så:
Lei du meg fram!
Eg ville velja sjølv min veg, men no lei du meg fram!
Eg ville leva fritt, var stolt og strid
og stor i mod - å, gløymd den dårskaps tid!*

*Di makt hev signa meg, då veit eg visst:
Du leier enn
i myr og fjell og hei, og så til sist
ein morgon renn,
då meg smiler engleåsyn blid,
som eg hev elska før, men mist ei tid.*

Omsetjing: Peter Hognestad, 1914. Melodi: Charles H. Purday, 1860.

Solist Maren Elise Haanes Waagan: Eg veit ein hage (nr. 441, oms. T. Bjerkheim, 1939)
Eg veit i himmerik ei borg (nr. 882, oms. Støylen).

Per Halse: “Nynorsksalmar frå Elias Blix til Bjørn Eidsvåg”, del 2.

NED I VESTER SOLI GLADER
Allsong nr. 823

*Ned i vester soli glader.
Takk for dagen Gud og Fader,
gjev oss vern til natti no!
Takk for mat og takk for klede,
takk for arbeidskraft og glede,
gjev oss hjartefred og ro!*

*Gud og Fader, lat oss sova
under englevakt i stova,
ver vår sol om natti, du!
Når så siste dagen dalar,
lyft oss opp i dine salar,
lei oss over stjernebru!*

*Tekst: Anders Hovden, 1910. Melodi: Norsk folketone
frå Nordfjord*

Leikong blandakor:
Djube spor. (T: Dagsland/Hillestad, 1985)
Irish blessing. (T: Keltisk / nyn. M. Waagan)

Takk ved prest Kjell-Roger Isene.

Medverkande:
Per Halse, professor
Leikong blandakor, dirigent Kjetil Eiksund
Maren Elise Haanes Waagan, songsolist
Ingrid Nerhoel, organist og pianist
Nina Kvamme Slettestøl, tekstlesing

Arrangørar:
Leikanger sokn og Herøy Mållag

Offer:
Til dekning av utgifter til salmekvelden.
Overskotet går til kyrkjelydsarbeidet.
Vipps: 638788 (Leikanger sokn, 6080)